

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 04.06.2026

Vår ref.: 202609565-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til midlertidig fråvik frå manøvreringsreglementet ved Tyin for Tyin kraftverk i Årdal kommune, Vestland

NVE har fått ein søknad frå Hydro Energi AS om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved Tyin for Tyin kraftverk. Det blir søkt om tapping under LRV og fråvik frå minstevassføring. Dette er planlagt å ta fem veker i perioden 01.03.2027 – 17.04.2027.

Søknaden har vore på høyring, men på grunn av ei inkurie vart ikkje alle høyringspartar inkluderte i første runde, og ho blir difor sendt ut på nytt til dei som ikkje fekk ho då, med ny høyringsfrist.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått ein søknad frå Hydro Energi AS, datert 16.04.2026, om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved Tyin for Tyin kraftverk. Det blir søkt om mellombels fråvik frå gjeldande manøvreringsreglement for Tyin i samband med rehabilitering av tappearrangementet tilknytt Tyin dam. Tiltaket omfattar etablering av nye tappeluker og revisjonsluke, og bygging av nytt dekke i eksisterande lukehus og nødvendig utvendig vedlikehald.

Tyin-magasinet blir tappa ned frå januar 2027 til LRV på kote 1073,55 innan 1. februar, og vidare til 3,5 m under LRV på kote 1070,05 i perioden 1. mars til 17. april, for å gjennomføra arbeid ved damanlegget. Vasstanden skal vera tilbake på LRV innan 1. juli. Det skal sleppast ei minstevassføring på 0,3 m³/s i perioden før 1. mars og etter 17. april. I perioden 1. mars–17. april, når magasinet er under LRV, pumpast det 150 l/s over dammen for å halda oppe vassføring i bekken mot Torolmen.

Tiltaket blir vurdert å ha svært avgrensa miljøkonsekvensar. Det kan oppstå mellombels redusert vekst hos aure som følgje av redusert næringstilgang. Villrein bruker ikkje området ved damanlegget, og tiltaket er kortvarig, slik at det ikkje er det venta konsekvensar for arten.



Søknaden er tilgjengelig på NVE si nettside: www.nve.no/9913/V.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemeldingar knytte til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til nve@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn og saksnummer 202609565» i emnefeltet.

Frist for å sende fråsegn er **31.7.2026**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Heidi Botheim
rådgivar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

VANG KOMMUNE
STATSFORVALTEREN I INNLANDET
INNLANDET FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

HYDRO ENERGI AS